

eit detaljert regelverk for ei ferievikarordning, med 24 feriedagar for brukar, eller 36 dagar for brukar og familie. På grunnlag av denne innstillinga la Forbrukar- og administrasjonsdepartementet fram forslag om ei ferieordning for jordbruket, som Stortinget sluttar seg til i juni 1971.² Det vart løyvd 80 millionar kroner som vart kanaliserte til ei feriefond. Etter regelverket kunne det givast maksimal støtte til 12 feritedagar pr. husdyrbruk, med ein dagsats på 100 kroner. Denne ferievikarordninga fekk raskt stor oppslutning, og alt året etter omfatta ho 85 prosent av alle bruk som hadde rett til støtte.³ Dei fleste raske oppslutninga viste at behovet for ferie og fritid var stort, særleg i husdyrbruket. I 1969 vart det innført eit statleg tilskott til kommunar som tilsette landbruksvikarar. Landbruksvikarane skulle trå til ved sjukdom på gardane, men ordninga må sjåast i samband med dei reformene som vart gjennomførte for å sikre ferie og fritid.

Det store velferdsgjennombroet kom først i 1976. Etter ei prøvordning i første halvår vart det frå 1. juli innført ei statleg refusjonsordning med eit tilskott på 6000 kroner pr. årsværk til å leige avløysar i husdyrbruket. Dette førte til ei eksplosiv utvikling i talet på avløysarar, ei ny yrkesgruppe som talde mellom 8000 og 10 000 personar i 1980. Særleg var familieavløysing populært, der ein av medlemmane i familiene avløyste brukaren. Men *avløysarriinger* greip også om seg, der fleire gardbrukarar gjekk i lag og hyra ein person som drog frå gard til gard etter ein turnus. Desse ringane var noe heilt nytt, og fram til 1980 auka talet på avløysarriinger til 2000. Elles var naboaavløysing og heiltidsavløysar mye brukta. Samdrift, fellesfjøs og fellesbeite vart også godkjende som avløysingsformer med rett til refusjon.

Avløysarordninga av 1976 var ei landbrukspolitisk reform som enno er eineståande i verda fordi ho er fullfinansiert av staten. Seinare har avløysarordninga på mange måtar vorte ståande som sjølve juvelen blant dei reformene som kom under opptrapplinga. For husdyrbrukarane innebar det ein sosial revolusjon, frå å vera bundne til dyrestellset kvar dag heile året til å ha rett til å leige seg hjelp og ta seg fri. Ei bondekone fortel:

Jeg husker vi hadde avløser som var hos oss i 10 dager i slengen. Vi skulle da ha ferie for oss sjøl, mannen og jeg. Der var i slutten av november måned. Vi dro til Røros og bodde på Turisthotelllet noen dager. Det var sprettende kaldt. Men på hotelllet opplevde vi å gå til dekket bord med en oppdekning som sittar fast i minnet fremdeles. Helt nytt og uvant for oss. Det var også svømmebasseng som vi brukte daglig. Lukusen var bare til å nyre. Ellers slappet vi av og gikk noen turer i kulden midt på dagen.


Slik arbeidslivet utvikla seg på 1970-talet, var dei sosiale reformene avgjørende for rekrutteringa til yrket. For ungdom som ikkje var frå gard, vart

jobb som avløysar ein karriereveg inn i næringa. I andre tilfelle tok dei som gjekk og venta på å ta over gard, avløysarijobb i venettida. Bønder med deltidbruk kunne også kombinere arbeid på eigin gard med avløsing for andre. Avløysarordninga skapte mange nye arbeidsplassar i husdyrdistrikta og hjelpte til med å spreie verknadene av opptrappinga ut i bygdesamfunnet.

Politiserte levekår

Høsten 1976 vart det såkalla Loddenuptalet oppnemnt for å vurdere om andre faktorar enn pengeintekter var relevante i samanhengen av økonomiske og sosiale forhold for jordbrukarar og industriarbeidarar.⁴ I 1965 hadde inntektsmålet vore formulert som ei rein økonomisk målestilling, mens Stortinget under handsaminga av Stortingsmelding nr. 14 i 1977 hadde sagt at målet var likeverdig økonomiske og sosiale forhold. I tråd med dette fekk utvalet under leiding av fylkesmann Ebba Loddén som mandat å greie ut kva for levekårsfaktorar som burde trekkaast inn i

Dette vakkre vårbildet fra Hardanger viser den korte vegen fra vinter til vår og sommar i det norske landskapet. Men i diskusjonen om levekår vart det fra næringa hevda med styrke at ingen kunne lena av fin utsikt.



samanlikninga. Utvalet kom til at det ikkje var mogeleg å gjennomføre noen objektiv jamføring av levekåra i landbruk og industri, til det var det for mange usikre og subjektive moment.

Fleiratet i utvalet kom likevel til at landbruksbefolkinga hadde levekårsfordelar i forhold til industriarbeidaranane.⁵ Av talfesta levekårsfordelar for landbruket la fleiratet, som var representantane frå staten og LO, vekt på at jordbrukarane ikkje hadde utgiftet til arbeidsreiser, dei kunne ta ut eigne produkt, og dei kunne dele faste utgifter mellom drifta og private forhold. Dessutan meinte fleiratet at jordbrukarane hadde fordel av fleire ikkje talfesta faktorar, som lågare utgifter til bustad, skattefordeler, større tryggleik for arbeid og store fleksibilitet med omsyn til å skifte mellom arbeid og fritid. Berre når det galdt ulagleg arbeidstid i husdyrbruket, meinte fleiratet at jordbruket hadde ei ulempe.⁶

Eit mindretal på fire representantar fra landbruksorganisasjonane meinte at jordbruket samla sett hadde større levekårsuttemper enn føderlar. Dei ville ikkje talfeste desse ulempene, men dei streka under at det var pengeintektene som hadde mest å seia for ei samla vurderinga av levekår og inntekt. Ein av utvalsmedlemmane, kontorsjef Olav Mork frå Fræna, meinte i ein eigen dissens at datagrunnlaget ikkje var godt nok for ei talfesting og samanlikning av levekåsfaktorane. Men Mork meinte likevel etter ei samla vurdering at husdyrbrukarane, først og fremst i mjølkeproduksjonen, måtte ha ei noe høgare inntekt enn industriarbeidaranane for å oppnå likeverdige sosiale og økonomiske vilkår.⁷

Spørsmål om levekår i landbruket var lagde fram i ei stortingsmelding, og fleiralet i Stortinget sluttet seg til konklusjonen frå fleiratet i Loddendenovalet om at levekårfaktorar skulle trekkiast inn i samanlikninga mellom yrkesutværane i landbruk og industri.⁸

Budsjettetnemnda for jordbruket fekk i oppdrag å laga eit opplegg for jordbruksoppgjera der levekåskomponentar var med i utekningane for modellbruka. Dette opplegget vart førdig til forhandlingane i 1982, der levekårsfordelen for landbruket vart talfesta til 7550 kroner pr. årsverk. Fra og med 1983 vart både godtgjersle for eigenkapitalen og effektivitettsnormene innarbeidde i systemet for modellbruk. Men både desse spørsmåla og skattespørsmål skapte konfliktar under forhandlingane på 1980-talet. 1985 vart levekårsfordelen for landbruket talfesta til 10 300 kroner pr. årsverk, og deretter føresette avtalepartane at den samla verdiin av levekårfaktorane ville utvikle seg parallelt med lønnsutviklinga i industrien.⁹ Diskusjonen om levekårsfordelane viser kor derafjert ein gikk til verks for å styre inntektene i næringa.

Noen kritikkar vil sjå dei ambisiøse forsøka på å talfeste 14 levekåsfaktorar som den endelege fallitten for plansystemet. For dei som arbeidde med desse spørsmåla, vart det etter kvart eit moralsk problem

å legge fram forslag til tal. Den skjønnsmessige fastsettinga av noen levekåsfaktorar vart til slutt nesten parodisk. Bonden bu på arbeidsplassen og har arbeidet rundt seg på alle kantar. Men er dette ein fordel, når resten av familien er ute av huset det meste av dagen? Korleis skal ein vega ein-send opp imot pending? I flagla såg ein på introduksjonen av levekåsfaktorane i forhandlingane som eit forsøk frå Finansdepartementet og det politiske miljøet i DNA og LO på å ta tilbake noe av det Stortinget gav gjennom jamstillingssvedaket. Sikkert er det i alle fall at utan den levekårsfordelen som Loddenuutvalet faun at landbruket hadde, så ville ingen kunne hevde at jamstillinga vart oppfylt. Heile reknøevinga med levekåsfordelar døyde etter kvart av seg sjølv.

Sentrals stridsspørsmål på 1980-talet var i tillegg til levekåsfaktorane effektivitettsnormene. Normene for effektivitet som var lagde inn i modellbruka, påverka direkte den utrekna inntekta til bøndene. Alt frå den gongen opptrapningsvedaket kom, hadde det vore eit krav at normene for effektivitet på typerbruks skulle skjerpast med tida. Men i kva takt skulle denne skjerpinga skje? I takt med veksten i produktivitet i indust-

Tabell 10. Inntekti og levekår i jordbruket samanlikna med lønnsutviklinga i industrien. Inntekti pr. årsverk ved balansert marknad. For øra 1979-81 er levekårsfordelen rekna attende etter utviklinga i industriarbeidarninnek.

År	Samanvegen modellinniukt	Levekår	Sum inntekt og levekår	Gjennomsn. industriarb.- lønn	Jordbruks- intt. i pst. av industriarb.- lønn
1979	61 510	5 656	67 166	69 740	96
1980	68 041	6 218	74 259	76 670	97
1981	76 617	6 849	83 466	84 450	99
1982	90 604	7 550	98 154	93 100	105
1983	92 788	8 100	100 888	100 942	100
1984	99 061	8 578	107 639	108 597	99
1985	107 075	10 300	117 375	116 334	101
1986	107 377	11 320	118 697	127 816	93
1987	114 945	12 225	127 170	138 041	92
1988	122 972	12 919	135 891	145 880	93
1989	130 413	13 526	143 939	152 763	96
1990	133 035	15 247	148 282	158 874	96

Kjelder: NOU 1991: 2 C Norsk landbrupsolitikk side 779 og materiale frå Budsjettetnemnda og Driftsgranskingsane

triene, eller med produktivitetsveksten jordbrukslekta? Skulle staten trekkje inn heile effektivitetsvinsten, eller berre delar av han? I jordbrukslekta breidde det seg etter kvart ei kjensle av at når staten fremja tilboda sine, vart det lagt inn effektivitetskav som var tilpassa den ramma for oppgjøret som Finansdepartementet hadde lagt. Detmed vart likestillinga oppfylt på papiret, mens dei reelle forskjellane tok til å auke att utover 1980-talet. Kampen om effektivitetskava i modellane vart meir og meir polisert. Normalerte arbeidsnivå i ulike produksjonar slo til dømes sterkt ut på inntektsresultata.

Modellbruka vart gjorde om til såkalla referansebruk fra 1993.¹⁰ Referansebruka fekk ein mindre viktig status, og det skulle ikkje vegast saman eit felles resultatmål til samanlikning av inntektsnivå mellom jordbruksog industri. I samsvar med St.meld nr. 19 er utrekninga for referansebruka no endra slik at driftsgranskingsmaterialet blir nytta direkte utan normalering av arbeid eller kapital. Resultatmål fra 25 referansebruk skal følge utviklinga av inntekt over tid og samtidig vise korleis endringar i verke-midla slår ut for ulike bruksgrupper, distrikt og produksjonar.¹¹

Arbeidsulykker, yrkeslitasje og maskulinisering

Den sterke mekaniseringa fra 1950-talet og utover var ikkje berre bra for kroppen til bonden. Sjølv om arbeider i hovudsak vart lettare, øktene og arbeidsdagen kortare og kroppen mindre sliten til kveids, kom nye risikoar og slitasjeskjedomar til gards. I dag kan Gråtassen vera «kose-dyr» på barnefjernsyn, men mange bønder har enda livet sitt under ein traktor, slik bondekona fra Åfjord fortel:

Den 30. april, kveld. – Ole var kjørt til Stordalen, skulle dit med et lass ved på traktoren. Barna hadde bader i stampen på kjøkkenet. Vi hadde bedt kvedsbønna. Alle sov i sengene sine, også jeg var sovet. Vakner av en svartkledd mann kommer inn på loftet. «Hva er det?» «Det har hendt en ulykke.» jeg vet det straks – set Ole for meg under traktoren, lemlestet. «Lever han?» «Nei, han er død.» At ikke barna vakna, det forstår jeg ikke, det måtte være englevakta.¹²

Efter kvart kom tanken om førebygging fram. Skogbruket var først ute med kurs og opplæring i arbeidsteknikk. Sønnik Andersen vart arbeidsinstruktør for skogbruket i 1937 og er legendarisk kjend for det arbeidet han gjorde for å få til betre koier og lære skogarbeidara gode og sikre arbeidstillinger. Dei første kursa i arbeidsteknikk for jordbrukslekta vart haldne på 1950-talet. Alarmen i Arbeidstilsynet gjekk først på 1960-talet

etter meldingar om at dødsulykkene ved bruk av traktor gjekk kraftig opp. 1960 var det verste året med 49 dødsfall. Dette resulterte i krav om førstgrad frikopla frå dei arbeidsmiljørelaterte i 1964. Slike arbeidsmiljøtiltak var i stor grad frikopla frå dei arbeidsmiljøreformene som skjedde i samfunnet elles. Da arbeidsmiljølova kom i 1977, var dei sjølvstendig næringsdrivande i jord- og skogbruk unntatt. Landbruksforskinga på feltet var i hovudsak retta imot tekniske spørsmål, der effektivitet og kostnader sto sentralt. Faglaga var heller ikkje særlig opprett av arbeidsmiljø. Medlemskap var redde for pålegg som ville koste pengar, og folk frå Arbets-tilsynet var lite velsette gjestat på gardane.

Rundt 1980 skjedde eit tidskifte. Organisasjonane i landbrukslekta hadde på slutten av 1970-talet vorte meir opprett av sosial likestilling. Dette hadde ikkje minst sammenheng med at kvinnene var i ferd med å gjera seg meir gieldande. Dessutan vart arbeidsbelastninga tatt ned som ein av leve-kånsfaktorane i samanstillinga for jamstilling (fra 1982). Dette gjorde at ein fra landbrukslekta si side vart meir interessert i å få ein dokumentasjon av levelkar, helse og arbeidsmiljø. Samtidig tok både forskinga og organisasjonane imot sterke nordiske impulsar, der både Sverige og Finland var komme lengre på flere av desse områda. I Sverige hadde Lanbruksförbundet etablert Lanbrukshälsan alt i 1977/78. Lanbrukshälsan var bygd opp som relativt få tverrfaglege bedriftsmedisinske sentralar. Finland var (og er) eit av dei leilande landa i verda når det gjeld landbruksmedisinsk forsking.

I desember 1980 vart det på Lillehammer arrangert ein skilsmettande nordisk konferanse for arbeidsmiljø i landbrukslekta i regi av Nordiske Jordbruksforskeres Forening.¹³ Denne konferansen dannar grunnlaget for 15 års satsing på arbeidsmiljøforskning og forebyggande helsearbeid i norsk landbrukslekta. Lars Sjøflot ved Landbrukssteknisk institutt på Ås var ein av pionerane og var arkitekten for den tette kopplinga som kom mellom forskningsmiljøa og næringa. Sjøflot var også primus motor bak utviklinga av tekniske løysingar, slike som den velkjende triangelhurtigkopplinga for traktor. Etter ein dialog mellom forskinga, representantar for næringa og styresmaktene vart arbeidsmiljølova gjord gildande for landbrukslekta frå 1986.

I regi av Norges Bondelag og Den norske lægeforening vart det alt i 1979/80 starta forsøk med helsekontrollar for bønder. Denne prøveordninga skulle i utgangspunktet organiserast ved avtalar mellom det einskilde lokale bondelaget og ein lege. Seinare viste denne legesentrerte modellen seg å vera problematisk, og han vart derfor avvikla. Etter ei ny prøveordning frå 1988 i urvalde område oppretta Bondelaget og Småbrukarlaget i 1993 ein eigen organisasjon, *Landbrukshelsetjenesten*, som skal drive ei førebyggande bedriftshelsetjeneste for bønder. Regionvis vart det bygd opp